

Referat FAU-møte 13.3.2017

Desse møtte: Kristine 5 kl. Elin 2kl. Vidar 4 kl. Charlotte 6 kl. Kristin 1.kl

Godkjenning av saksliste og referat frå sist møte. Fin gjennomgang, ingen kommentarar.

9/17: Oppsummering/tilbakemelding på karnevalet.

Gode tilbakemeldingar frå elevrådet. Nokon ønskjar seg premier for beste kostymer. Dette ser vi på til neste år. Me i FAU synast det var veldig gøy at så mange hadde brukt fantasien og brukte det dei fant heime i kleskåpet, oppmodar til å fortsatt tenke slik. Overskudd på 2700,- Takk til alle som bakte :)

10/17: Lydisolerande takplater til kantina.

Bent Arne Rognaldsen har fått pris på plater. Prisen er på 32 m² med 4 cm tjukke plater 20 000,- Enkel montering vha spesiallim som og er inkludert i prisen. Pris er oversendt styret og FAU dekkar halvparten av utlegget.

11/17: Temakveld for foreldre 23.mars.

Kristine viste fram plakaten til kvelden og informerte om at denne kjem ut til alle i morgon via mail og it's learning. Kjem og ei deling på facebook.

Tema «Smart på nett og mobil». Det blir i gymsalen på Myking skule, frå kl 19-21 torsdag 23.mars.

Fordeling av oppgåver:

Alle vi i FAU tar med ei kaffe og eit fat med noko "knask".

13/17: Planlegging av foreldrestyrt dag onsdag 5.april.

Vi skal ha foreldrestyrt dag, slik at personalet på skulen får ein ekstra planleggingsdag. Det blir sykkeldag, med fokus på trygghet i trafikken. Her treng vi fleire foreldre som kan delta. Vidar, Kristin og Kristine jobber med opplegg for dagen.

Leige av gang, toalett og plasser på ungdomshuset er OK. Kr 300,-

Kristin høyrer med sanitaten om lunchlaging.

Vi gjekk igjennom foreløpig oppsett på innhald i dagen (Kristine og Vidar jobba vidare med dette). Vi ser at vi må ha mange vaksne på ein slik dag for å ivareta sikkerheten. 5 hovudansvar, 2 vaksne på kvar stasjon. Vi har tenkt fire stasjonar, ein kontrollstasjon/trafikktryggleik, sykkeltur til Hetlehovde, vask/mekkestasjon og ein ferdighetsløype-stasjon.

Vi har eit møte for dei frivillige (som vi får tak i) 3. mars kl 17:00.

14/17: Årshjul for FAU – Skodvin Montessoriskule.

Kristine la fram eit årshjul for FAU sitt arbeid. Dette vil lette arbeidet neste år, ved at vi kan vidareføre arrangement som har vore vellukka dette skuleåret.

Resten av styret er enig med oppsettet. Kvar klassekontakt bør prøve å ha kontroll på kven som har bakt til kvart arr.

Charlotte startar arbeidet med 6. klasse sin fest for 7.klasse.

I år tenker vi at sommerfesten blir i veke 23, vi foreslår 7. juni.

Vidar ser på behovet for en vårryddedag i tidlig mai og melder dette inn til FAU styret via mail.

15/17 Innkjøp av leiker/utstyr til uteområdet.

FAU vil bruke om lag 20 000,- på litt oppgradering av uteområdet i år.

Elevrådet sine ønskjer:

Sparkesyklar (Kristne sjekkar pris)

Maling av leikehytta, paradiset og sirkel (Vidar sjekkar pris på maling, utførast på vårryddedagen)

Fikse smashballer (Vidar sjekkar pris, utførast på vårryddedagen)

Spindelveddisse. (Denne har me diverre ikkje råd til)

FAU sitt forslag. Lage til ei slakk line på plenen ein plass. (Vidar sjekkar pris på utstyr)

Neste møte 22. mai.

Vidar Gjerstad